

## **Medvind for gjetarhunden i Hordaland**

3/10-2023 Audun Seilen

Det gror godt i gjetarhundmiljøet i Hordaland for tida. Stadig fleire oppdagar kva arbeidsjern ein god gjetarhund kan vera.

Æra for dette trur eg me skal gje til alle dei som arbeider og brenn for eit godt og inkluderande miljø i fylket. Målretta avl og trening, praktisk arbeid og konkurransar går hand i hand og er alle viktige parameter skal ein lykkast. God kompetanse er me heldige som har i fylket vårt. Gjetarhundnemda i fylkeslaget kan dra i trådane og stolt registrera at det jobbast godt rundt i lokallaga. Eg er heldig som får lov å leia denne flotte gjengen.

Eit godt eksempel er fylkesmeisterskapet som vart avvikla på avlgarden i Rosendal 30/9-23. Arrangøren hadde laga til ein prøve i ypperste klasse. Bane, sau, premier var meget bra og dugnadsgjengen leverte til toppscore. Avlgarden i Rosendal har alltid vore ein viktig arena for gjetarhundarbeidet.

### **Stor applaus til gjengen i Kvinnherad !**

God og krevjande sau gjorde at FM vart svært spennande. Her var det små marginar og ikkje rom for feil om ein skulle nå toppen. Flott jobb av dommar Erlend Kvinnesland frå Rogaland som følgde løpa med argusauge for å sikra korrekt poengtrekk og at lista til slutt vart riktig rangert.

**Eg og Cap vann konkurransen og dermed Fylkesmeister Hordaland 2023.**



Rekord mange har dette året konkurrert med mål om å kapra seg billett til å få representera fylket under NM. Fylkesmeisterskapet var siste konkurranse før NM laget endeleg var satt.

## NM Gjetarhund, 2023

Følgende ekvipasjer skal representera Hordaland i NM for gjetarhund 2023.  
NM vert arrangert på Hå i Rogaland 6-8 okt 2023.

**Me ynskjer ekvipasjane våre LYKKE TIL !!**

1	Sindre Hindenes	NO42864/20	Nala
2	Sander Hindenes	NO49379/19	Træet`s Bes
3	Gunnar Lægreid	NO47314/19	Gin
4	Ingebjørg Kjærevik	S00/374778	Wilma
5	Sander Hindenes	NO42866/20	Pelle
6	Stein Dalland	NO37002/15	Klettåsen`s Tuva
7	Benjamin Birkeland	NO45657/19	Kiera
8	Audun Seilen	NO43759/18	Allie
1.res	Stein Dalland	NO34612/19	Klettåsen`s Tea
2.res	Audun Seilen	NO49819/21	Cap

For dei som ynskjer følgja NM online frå godstolen, så er det fullt mulig.

Info finn du på NSG sida, FB etc.

Info <https://www.nsg.no/gjeterhund/nm-gjeterhund/>

(fb) NSG Gjeterhund

(fb) Gjeterhund LIVE



NM - uttak Hordaland 2023								
Når FM er ferdig, vil 8 beste ekvipasjer få tilbud om å starte NM. + 2 reserver. Maks 2 hunder pr fører.								
	Deltakar	Hund	LP 1	LP 2	LP 3	LP 4	FM	Sum 3 beste
1	Sindre	Nala	13	46	43	40	0	129
2	Sander	Træets Bes	50	22	46	30	0	126
3	Gunnar	Gin	15	43	34	14	23	100
4	Ingebjørg	Wilma	7	12	37	46	5	95
5	Sander	Pelle	8	2	30	50	14	94
6	Stein	Tuva	13	40	24	24	8	88
7	Benjamin	Kiera	34	6	46	0	0	86
8	Audun	Allie	37	0	2	46	0	85
9	Sander	Pipp	14	28	26	26	2	80
10	Ivar	Max	1	30	30	13	3	73
11	Stein	Tea	28	24	18	15	11	70
12	Jan Tore	Sansa	5	7	32	30	7	69
13	Kenneth	Nelli	11	0	46	6	0	63
14	Dorothea	Jan	26	0	24	10	0	60
15	Sindre	Bailye	20	3	4	11	26	57
16	Audun	Cap	6	13	10	1	30	53
17	Kenneth	Tinka	5	26	0	22	0	53
18	Ingebjørg	Zia	16	4	28	7	4	51
19	Stein	Bet	0	13	0	10	17	40
20	Stein	Bob	4	5	28	0	6	39
21	Jan Tore	Luna	0	0	2	37	0	39
22	Dag	Leo	0	9	14	16	0	39
23	Merita	Hera	6	6	0	20	0	32
24	Dorothea	Maud	3	5	12	14	0	31
25	Gunnar Henning	Fjellmann	0	0	8	0	20	28
26	Gunnar Henning	Peik	0	11	0	7	0	18
27	Merita	Lissi	11	0	1	0	0	12
28	Frode	Prins	0	1	6	5		12
29	Frode	Speed	0	0	8	0	0	8
30	Roy	Mio	0	8	0	0	0	8
31	Espen	Ronja	0	6				6
32	Ivar	Dip	0	0	0	5	0	5
33	Ingebjørg	Kraft					1	1
34	Roy	Leo	0	0			0	0
35	Torger Peder	Bree	0	0			0	0
36	Job	Messi					0	0
37	Job	Frøya					0	0
38	Tor Eivind	Giggs					0	0
39	Åsa	Bell					0	0
40	Torgeir Peder	Kelly					0	0
41	Janne	Fanta					0	0
42	Jan Sigurd	Lissie					0	0
43	Marianne	Fia					0	0

**Uttaksregler**

*Uttaksregler er uendra fra i fjor. Dvs sum av tre beste/fullførte prøver (brudd gir ikke poeng). Aktuelle prøver er valfrie Landsprøver og Fylkesprøve. For Lp brukes plasspoeng frå berekningsmodell LP. For FM brukes berekningsmodell som starter på 1 plass=30 poeng, 2. plass =26 poeng, vidare 23,20,17,14,11,8,7,6,5,4,3,2,1. Om lik poengsum vil Fylkesprøve gå framom. Plass på Landslaget gir ikkje automatisk NM plass.*